

## ASK-nettverk 17.01.2024

**Målgruppe:** Tilsette i barnehage og skule, PPT-tilsette og andre som finn nettverket relevant

**Stad:** Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Klasserom 2-15 i 2.etg Stadionbygget. Sjå kart her: [kart-over-campus-sogndal.jpg \(7680x4320\) \(hvl.no\)](http://kart-over-campus-sogndal.jpg)

**Tidspunkt:** Onsdag 17.januar 2024 kl 12.30-15.30 (**ettermiddagssamling**). Det faglege startar kl 13.

**Deltakaravgift:** Kurset vert dekkja av regionale utviklingsmidlar innan «Kompetanseløftet»

**Lunsj:** Servering av lunsj og kaffi/te frå kl 12.30. Meld frå om evt. allergiar under merknadsfeltet i påmeldinga.

**ASK** står for alternativ og supplerande kommunikasjon. Barn som heilt eller delvis manglar funksjonell tale, har rett til å bruka ASK, samt få opplæring i å bruka det. Fleire av barna me jobbar med i barnehage og skule har behov for ASK. Me ynskjer å oppretta eit ASK-nettverk der me kan få fagleg påfyll, skapa relasjonar og dela erfaringar.

### Program for halvdagssamlinga:

12.30- 13.00: Lunsjservering i klasserommet, mingling..

13.00- 15.15: På denne første samlinga vil de få ei grunnleggande innføring i kva ASK er, kven som har behov for det, ulike kommunikasjonsløyser, litt om språkmiljø og praktisk bruk. Me vil òg bruka litt tid på å finne ut kva de ynskjer meir påfyll av framover, og i korleis form de ynskjer at nettverket skal fungere. Me legg inn små pausar undervegs.

15.15- 15.30: Oppsummering i plenum og evaluering

### Nettverksansvarleg for samlinga:

Lene Foss Dalaker, Sogn PPT [Lene.Foss.Dalaker@sogndal.kommune.no](mailto:Lene.Foss.Dalaker@sogndal.kommune.no)

**Påmeldingsfrist: Onsdag 10.januar kl 23**

Velkommen til dette nyoppretta nettverket! Me er glad for å kunne tilby dette!

Beste helsing frå

Lene Foss Dalaker  
Nettverksansvarleg

Ingrid Steine Bortne  
Programleiar barnehage- og skuleutvikling